



**Orienterte:** Varabrannsjef i Hornindal, Sigurd Muldsvor, gav elevane grei orientering om kva som hadde skjedd då brannvesenet var tilbake etter å ha rykka ut til trafikkulukke i Kjøshammartunnelen.



**Førstehjelp:** Ingvild Ytrebø Storevik, Andrea Kroken og Andrine Norevik Nygård øver på sideleie når personen har pust og puls.



**Eldsjeler:** Desse fortel om store investeringar og mange dugnadstimar på skytebana for Hornindal og Markane skyttarlag. Nærast Idar Nygård, Arvid Sølvberg (i midten) og Knut Lillestøl.



**Lærerik dag:** Desse seks jentene meinte dei hadde lært mykje på aktivitetdagen på Sindre, og gav ros til arrangørar Oline Lillestøl og Hannah Sofie Flaten. Alle frå 8. klasseteg ved Hornindal skule.

# Ungdom lærte om ansvar og tryggleik

Siste skuleveka fekk elevar frå Hornindal skule lære om å ta ansvar, vere trygge på naudhjelp og handtere skytevåpen. Brått kom alvor.

● **Anne-Mari Aalberg**  
redaksjon@fjordingen.no

Hornindal og Markane skyttarlag jobbar tett saman med Hornindal skule og lærer elevane trygg behandling av skytevåpen. Sist veke arrangerte dei aktivitetdagar for elevane.

Dei unge fekk sjå korleis brannkorps handterer ulukker, dei fekk lære kor viktig dei første sekund er i høve livberging og dei fekk grunnleggjande våpeninstruksjon.

#### Praksis

Idar Nygård frå skyttarlaget seier målet med aktivitetdagane er å synleggjere realitetane i livet.

- Vi i skyttarlaget vil at dei unge lærer om våpenbruk og tryggleik. Ein eller annan gong kjem dei borti skytevåpen, til dømes i høve jakt. Grunnleggjande kunnskap er viktig når ein skal bere og handtere eit våpen, forklarte Nygård. Han rosa samarbeidet mellom skyttarlaget, Hornindal brannvesen og Eid Røde Kors.

Hjelpekorps. Nygård meinr teoretisk kunnskap er bra, men at å sjå ting i praksis, sit som spikra. På skytebana fekk elevane grundig instruksjon. Dei skaut ein serie, jogga ei runde og skaut ny serie.

- Då kjenner dei korleis høg puls verkar inn på skytinga, forklarte Nygård.

#### Alvor

Midt i ein demonstrasjon av utstyr på brannbilane, skingra alarmen om ei trafikkulukke i Kjøsnestunnelen. Alvoret kom brått og sette ein støkk i elevane.

- Det er klart dette prega ungdomane, sa Idar Nygård.

Då brannbilane returnerte, tok brannfolka tak i hendinga saman med ungdomane. Dette



ne. Frå venstre: Rita L.H. Lødemel, Kristine Mjåtveit Lødemel, May Britt Navelsaker, Julie Madeleine Lødemel, Siri

gav ny forståing for dagens program.

Brannsjef Ståle Hatlelid og varabrannsjef Sigurd Muldsvor samla heile skokken og fortalte ope om kva som hadde skjedd då alarmeren gjekk, og korleis dei budde seg for å møte ulukkesstaden.

- Når alarmeren går må vi førebere oss raskt, og skape eit mentalt bilete av kva som ventar, sa Muldsvor. Denne gongen møtte ein bil fjellvegg. Brannsjefen kunne fortelje at det gjekk bra, men tilfeldige ting ofte gjev skilnad om utfallet. I høve ulukka på Skredestranda nyleg kom to brannfolk og to sjukepleiarar til staden like etter kollisjonen.

- Utfallet kunne blitt annleis om ikkje akkurat dei kom til, sa

Hatlelid og vil formidle at alle kan gjere ein skilnad om ein kan førstehjelp.

### ABC

Røde Kors og brannvesenet synleggjorde samspelet som skjer når etatar møtast ved ei ulukke.

Brannmannskapet synte kva ein kan møte i trafikken ved å bruke eit bilvrak der ei dokke var plassert i førarsetet. Are Fagerli frå Røde Kors var første mann til staden og synte korleis han skaffa sjåføren fri luftveg ved å setje seg inn i baksetet og ta grep. Føraren var fastklemd. Dermed fekk elevane sjå korleis brannmannskapet jobba med stålsaks, klipper, slegge og kjettingar for å frigjere den skadde personen.

- Kva er førstehjelp? spurde Are Fagerli og fekk svaret.

- Heilt rett. Det er den første hjelpa, konkluderte han og forklarte ABC-reglane når det gjeld kva bør skje i dei alle første sekund.

- A står for Air, luft. B står for breathing, pust. C står for circulation, sirkulasjon, det vil seie at hjartet pumpar blod med oksygen til alle cellane.

Røde Kors-mannskapet synte også korleis ein legg skadde personar i stabilt leie for å unngå kvelning etter at ein har sjekka pust og puls.

- Eg kan tenkje meg å vere med i Røde Kors for begge foreldra mine er med, var Rita Lødøen Hamre Lødemel sin konklusjon av dagen.



**Instruksjon:** Knut Lillestøl, Alf Muldsvor og Lars Jonny Nygård instruerer elevane i kva ein skal ha fokus på under handtering av skytevåpen.



**Røde Kors:** Her syner Are Fagerli korleis ein sikrar fri luftveg som igjen gjev oksygen til lungane.



**Bak rattet:** Sivert Olai Raftevold Sølberg syntes det var fint å få sjå utstyret i brannbilen.



**Frigjering:** Slik såg bilen ut etter at brannmannskapet hadde gjort sitt med stålsaks, klipper, slegge og kjettingar. No var det berre å få ut den skadde som under arbeidet var dekt av teppe for å hindre glasskader.

## Hornindal og Markane skyttarlag

- Hornindal skyttarlag stifta i 1921
- Markane skyttarlag stifta i 1880
- Samanslegne i 2013
- Skyttarlaget disponerer i dag 2 baner:
- Sindre skytebane med blinkar på 100 m og 200 m
- Ytrehorn innandørs skytebane med blinkar 15 m